



Satsar og rutinar for gjestebarn – gjeld kommunane i Hordaland

Ein må skilje mellom barn som bur i biologisk heim og barn som bur i fosterheim.

Barn som bur i biologisk heim:

Omgrep som er brukt:

Bustadkommunen, den kommunen barnet bur i.

Vertskommunen, den kommunen der barnet går i barnehage.

Opplæringslova og forskrifter kapittel 18 §18.1 "Kommunen sitt økonomiske ansvar for grunnskoleopplæringa" står følgjande:

«For barn som ikkje er særskilt nemnde under punkt b, c, og d, og som får grunnskoleopplæring, spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp utanfor kommunen, betaler bustadkommunen etter avtale. Bustadkommunen fastset omfanget av spesialundervisninga og den spesialpedagogiske hjelpa etter sakkunnig tilråding frå vertskommunen. Bustadkommunen er den kommunen der foreldra, eller den av foreldra som har omsorg for barnet, bur.»

Spesialpedagogisk hjelp

Barn bur i anna kommunen enn der det går i barnehage. Barnet skal ha sakkunnig vurdering frå vertskommunen.

1. Foreldre sender søknad om spesialpedagogisk hjelp til bustadkommunen.
2. Bustadkommunen gjer vedtak om spesialpedagogisk hjelp.
3. Det vert sendt kopi til barnehagen og vertskommunen.
4. Vertskommunen effektuerer vedtaket.
5. Vertskommunen sender refusjonskrav til bustadskommunen kvart halvår, i november og i mai.

Det er alltid bustadskommunen som skal gjere vedtak om spesialpedagogisk hjelp!

OBS: Barn som vert «oppdaga» i barnehagen skal meldast til PPT i vertskommunen.

Styrking av grunnbemanning

Fylkesmannen i Hordaland har slått fast at det er vertskommunen som skal betale for styrking av grunnbemanning.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 32 20 00
Telefaks +47 56 32 20 03

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 123456789

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Barn som er plassert i fosterheim i anna kommune enn heimekommunen.

Spesialpedagogisk hjelp

Det er barneverntenesta i omsorgs- / plasseringskommunen som skal søkje om spesialpedagogisk hjelp. (Omsorgs-/ plasseringskommunen er den kommunen som har gjort vedtak om omsorgs-/ plasseringsovertaking). Før det kan søkjast om spesialpedagogisk hjelp må det liggje føre sakkunnig vurdering frå PPT. Det er PPT i den kommunen der barnet går i barnehage som utarbeider sakkunnig vurdering.

1. Søknaden vert send til vertskommunen med kopi til omsorgs-/ plasseringskommunen. Søknad om spesialpedagogisk hjelp må innehalde opplysningar om at barnet bur i fosterheim.
2. Omsorgs-/plasseringskommunen gjer vedtak om spesialpedagogisk hjelp.
3. Vedtaket skal stilast til barnevernstenesta i omsorgskommunen / plasseringskommunen. Send kopi av vedtaket til fosterforeldre og barnehagen. Kopi av vedtaket m/ følgeskriv skal sendast til administrasjonen i vertskommunen.
4. Vertskommunen skal setje i gang hjelpa.
5. Det er omsorgskommunen / plasseringskommunen som skal betale for den spesialpedagogiske hjelpa.
6. Vertskommunen sender refusjonskrav til omsorgskommunen / plasseringskommunen kvart halvår, i november og i mai.

Styrking av grunnbemanning

Barnehagen sender søknad om styrking av grunnbemanning til eigen kommune.

Satsar for gjestebarn – gjeld kommunane i Hordaland.

Spesialpedagogisk hjelp.	
Timepris spesialpedagog (dekkjer alle kostnader)	Kr 1008
Timepris assistent	Kr 291

Krav for grunnsats jfr. Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager § 15 vert særskild fakturert.

Satsane vart justert per januar 2016. Neste prisjustering vil gjelde frå 01.01.2017. Satsane er dei same som dei som gjeld for gjesteelevar på barnetrinnet i Hordaland.

Alver 22.06.2016

Mette Marei Træland, *barnehagefagleg rådgjevar Meland.*

Eva Gading, *rådgiver Seksjon for spesialpedagogiske tjenester Bergen.*

Astrid Namtvedt Sylta, *rådgjevar oppvekst Lindås.*